

NotatDato: 03.03.2015
Arkivsak: 2014/577-29
Saksbehandlar: ireolse

Til:	Vidar Kloster
Frå:	Eigedomsseksjonen

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02104 - Voss jordbruksskule - storfe fjøs

Rekneskap: 29 429 693,41 Budsjett: 29 000 000,-

Fuv 63/08 løyving kr 1 000 000,-

Utdrag frå saka:

«Voss jordbruksskule sitt storfe fjøs er frå 1957 og tilfredstillar ikkje dei krav som gjeld i dag. Bygningane manglar tilfredstillande ventilasjon og garderobane til elevane og dei tekniske løysingane er langt under målkrava.

Både frå Mattilsynet og frå veterinærhald vert det påpeika at skulen per i dag driv på dispensasjon Ein rår til at det vert løyvd 1 mill. kroner til formålet.»

Fuv 33/11

FT 8 løyving kr 9 000 000,-

Utdrag frå saka:

«Utbygginga av nytt storfe fjøs omfattar :

- Riving av eksisterande fjøs
- Bygging av nytt storfe fjøs med undervisningslokale
- Mindre utbetringar av uteområde

Eksisterande storfe fjøs har plass til 79 storfe totalt, derav 22 mjølkekyr.

Planlagt storfe fjøs har eit bta på omlag 1200 m² totalt, og plass til 123 storfe, derav 31 mjølkekyr

Nytt storfe fjøs har ein kostnadsramme på 20 mill kroner inkl. mva. basert på forprosjektkalkyle.

4. Finansiering

I denne saka vert det rådd til at det vært løyvd ytterlegare 9 million kroner til vidareføring av prosjektet.

Fylkesrådmannen vil kome attende til restfinansiering av prosjektet ved fordeling av midlar frå denne samleløyvinga i 2012.

5. Framdrift

Følgjande tidsplan gjeld for prosjektet:

Tilbudsutsending 20.03.11

Tilbudsopning 01.05.11

Oppstart entreprenør 20.06.11

Ferdig 20.08.12»

Fuv 21/12 løyving kr 19 000 000,-

Utdrag frå saka:

«I mai 2011 vart det gjennomført anbodskonkurransen. Det var kun 2 tilbodare og lågaste tilbod var om lag 26 mill kroner inkl. mva. Etter dette vart samla prosjektkostnad 29 million kroner.

Arbeida på prosjektet starta i september 2011 og nytt storfefjøs er venta klart til bruk 01.09.2012.

Frem til sumaren 2012 har skulen leigd seg fjøsplass eit lite stykke frå skulen.

Det er så langt løyvd totalt 10 million kroner til prosjektet, og ein rår no til at det vært løyvd ytterlegare 19 million kroner.»

Kommentar:

Overskriding på ca kr 430 000,- skuldast for det meste følgjande:

- Omlegging av spillvassleidning pga endra plassering av gjødselsilo etter krav frå Voss kommune
- Oppgradering av låssystem i bygget frå mekaniske sylindrarer til adgangskontroll med kortlesarar.

Bjarte Molvik
Seniorrådgjevar

Irene Olsen
Spesialkonsulent

Vedlegg: Statusrapport